



Møteprotokoll

Utval: Valstyre for Nye Øygarden kommune
Stad: Skjenet 2, møterom i andre etasje
Dato: 15.10.2018
Tid: 16:00 - 16:30

Medlemer som møtte:

Marianne Sandahl Bjorøy	Leder	AP
Børge Haugetun	Medlem	TVØ
Jogeir Sognnæs	Medlem	AP
Espen Harkestad	Medlem	AP
Anita Garlid Johannessen	Medlem	FRP
Tom Georg Indrevik	Medlem	H
Kari-Anne Landro	Medlem	H
Nils Kåre Skoge	Medlem	H
Ingrid Marie Toft	Medlem	H

Forfall:

Varamedlemer som møtte:

Andre:

Møtesekretær Grethe Bergsvik

Marianne Sandahl Bjorøy

underskrifter

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald
PS 1/18	Godkjenning av innkalling og saksliste
PS 2/18	Organisering og gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsval i nye Øygarden kommune 2019
PS 3/18	Ymse

PS 1/18 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsama i Valstyre for Nye Øygarden kommune - 15.10.2018:

Vedtak i Valstyre for Nye Øygarden kommune - 15.10.2018:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

PS 2/18 Organisering og gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsval i nye Øygarden kommune 2019

Innstilling:

- Noverande krinsar i dei tre kommunane vert oppretthaldne som dei er i dag, med unnatak av Tellnes krins. Denne krinsen vert slått saman med Skogsvåg krins. Statens kartverk vil nummerere alle krinsane på nytt.
- Det vert halde 1-dags val i nye Øygarden kommune på valdagen 9. september 2019.
- Manntalet skal leggjast ut til offentleg ettersyn så snart som råd er etter at det er produsert og til og med valdagen for kommunestyre- og fylkestingsval på følgjande stadar:
 - Fjell rådhus (servicetorget)
 - Fjell folkeboksamling (Sartor senter)
 - Sund kommunehus
 - Øygarden rådhus
- (Nye) Øygarden kommune nyttar elektronisk kryssing i manntalet i alle krinsar med verknad frå kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019.
- Førehandsrøysting
 - a. Tidleg førehandsrøysting i tidsrommet (01.07 – ca 09.08.19) vert halde i Fjell rådhus, på kommunehuset i Skogsvåg og på rådhuset i Rong.
 - b. Ordinær førehandsrøysting (12.08 – 06.09.19) vert halde på følgjande stadar:
 - Fjell: på biblioteket på Sartor Storsenter og i servicetorget Fjell rådhus

- Sund: på servicetorget Sund kommunehus
 - Øygarden: på servicetorget Øygarden rådhus.
 - c. Førehandsrøysting skal skje i den faste kontortida på rådhusa/kommunehuset, men med utvida opningstid i tråd med tidlegare praksis. På Fjell folkebibliotek vert det utvida opningstid fram til kl 21.00 den siste veka før valet, med unntak av fredag 6. september, då stenger biblioteket kl 19.00.
 - d. Det vert teke i mot førehandsrøyster på følgjande stadar, etter nærare avtale:
 - Fjell: Sotra VGS avd. Bildøy, Fjell sjukeheim, Straume bu- og servicesenter og Kvednatunet.
 - Sund: Sotra VGS avd. Skogsvåg, Sundheimen og eventuelt Solhaug sjukeheim.
 - Øygarden. Tednebakkane omsorgssenter
 - e. Det vert organisert for heimerøysting. Frist for å søkje vert sett til onsdag 4. september 2019 kl 15.00.
 - f. Prosjektrådmannen får delegert mynde til å peika ut administrativt tilsette som skal ta i mot førehandsrøyster.
- Det vert halde røysting på valdagen 9. september i følgjande krinsar / lokale:

Fjell kommune 8 krinsar /lokale	Sund kommune 5 krinsar / lokale	Øygarden kommune 4 krinsar / lokale
(01) Tellnes krins vert lagt ned	(04) Sund Lokale: Sund skule/grendahus	(01) Toftøy Lokale: Toftøy skule
(03) Ulveset Lokale: Ulveset skule	(05) Stranda Lokale: Stranda skule / hall	(02) Rong Lokale: Hjeltefjorden arena
(05) Skålvika Lokale: Skålvik skule	(07) Glesnes Lokale: Glesnes skule	(03) Blomvåg/Breivik Lokale: Blomvåg skule
(07) Ågotnes Lokale: Ågotnes skule	(08) Telavåg Lokale: Telavåg skule	(05) Alvheim/Hatten/Bakken Lokale: Tjeldstø skule
(10) Kolltveit Lokale: Fjell ungdomsskule	(10) Skogsvåg Lokale: Skogsvåg skule	
(11) Foldnes Lokale: Foldnes skule		
(13) Brattholmen Lokale: Brattholmen skule		
(14) Bjarøy Lokale: Bjarøy skule NB! Kan også nyttast av bebuarar på Tyssøy		
(19) Hjelteryggen Lokale: Hjelteryggen skule		
<u>Opningstider:</u> 09.00 – 21.00	<u>Opningstider:</u> 12.00 – 21.00	<u>Opningstider:</u> 12.00 – 21.00

Straume, den 08.10.2018

Rune Lid
Prosjektrådmann

Handsama i Valstyre for Nye Øygarden kommune - 15.10.2018:

Prosjektrådmannen si innstilling vart **samrøystes** vedteke med følgjande 2 endringar:

- Alle krinsar vert nummerert på nytt, med kronologisk nummerering frå sør til nord i kommunen
- Alle vallokale vert haldne opne frå kl. 09.00 til kl. 21.00.

Vedtak i Valstyre for Nye Øygarden kommune - 15.10.2018:

- Noverande krinsar i dei tre kommunane vert oppretthaldne som dei er i dag, med unnatak av Tellnes krins. Denne krinsen vert slått saman med Skogsvåg krins. Statens kartverk vil nummerere alle krinsane på nytt med bakgrunn i forslaget frå valstyret:
 - Alle krinsar vert nummerert på nytt, med kronologisk nummerering frå sør til nord i kommunen
- Det vert halde 1-dags val i nye Øygarden kommune på valdagen 9. september 2019.
- Manntalet skal leggjast ut til offentleg ettersyn så snart som råd er etter at det er produsert og til og med valdagen for kommunestyre- og fylkestingsval på følgjande stadar:
 - Fjell rådhus (servicetorget)
 - Fjell folkeboksamling (Sartor senter)
 - Sund kommunehus
 - Øygarden rådhus
- (Nye) Øygarden kommune nyttar elektronisk kryssing i manntalet i alle krinsar med verknad frå kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019.
- Førhandsrøysting
 - g. Tidleg førhandsrøysting i tidsrommet (01.07 – ca 09.08.19) vert halde i Fjell rådhus, på kommunehuset i Skogsvåg og på rådhuset i Rong.
 - h. Ordinær førhandsrøysting (12.08 – 06.09.19) vert halde på følgjande stadar:
 - Fjell: på biblioteket på Sartor Storsenter og i servicetorget Fjell rådhus
 - Sund: på servicetorget Sund kommunehus
 - Øygarden: på servicetorget Øygarden rådhus.
 - i. Førhandsrøysting skal skje i den faste kontortida på rådhusa/kommunehuset, men med utvida opningstid i tråd med tidlegare praksis. På Fjell folkebibliotek vert det utvida opningstid fram til kl 21.00 den siste veka før valet, med unnatak av fredag 6. september, då stenger biblioteket kl 19.00.
 - j. Det vert teke i mot førhandsrøyster på følgjande stadar, etter nærare avtale:
 - Fjell: Sotra VGS avd. Bildøy, Fjell sjukeheim, Straume bu- og servicesenter og Kvednatunet.
 - Sund: Sotra VGS avd. Skogsvåg, Sundheimen og eventuelt Solhaug sjukeheim.
 - Øygarden. Tednebakkane omsorgssenter
 - k. Det vert organisert for heimerøysting. Frist for å søkje vert sett til onsdag 4. september 2019 kl 15.00.
 - l. Prosjektrådmannen får delegert mynde til å peika ut administrativt tilsette som skal ta i mot førhandsrøyster.

- Det vert halde røysting på valdagen 9. september i følgjande krinsar / lokale:

Fjell kommune 8 krinsar /lokale	Sund kommune 5 krinsar / lokale	Øygarden kommune 4 krinsar / lokale
(01) Tellnes krins vert lagt ned	(04) Sund Lokale: Sund skule/grendahus	(01) Toftøy Lokale: Toftøy skule
(03) Ulveset Lokale: Ulveset skule	(05) Stranda Lokale: Stranda skule / hall	(02) Rong Lokale: Hjeltefjorden arena
(05) Skålvika Lokale: Skålvik skule	(07) Glesnes Lokale: Glesnes skule	(03) Blomvåg/Breivik Lokale: Blomvåg skule
(07) Ågotnes Lokale: Ågotnes skule	(08) Telavåg Lokale: Telavåg skule	(05) Alvheim/Hatten/Bakken Lokale: Tjeldstø skule
(10) Kolltveit Lokale: Fjell ungdomsskule	(10) Skogsvåg Lokale: Skogsvåg skule	
(11) Foldnes Lokale: Foldnes skule		
(13) Brattholmen Lokale: Brattholmen skule		
(14) Bjorøyna Lokale: Bjorøy skule NB! Kan også nyttast av bebuarar på Tyssøy		
(19) Hjelteryggen Lokale: Hjelteryggen skule		
<u>Opningstider:</u> 09.00 – 21.00	<u>Opningstider:</u> 09.00 – 21.00	<u>Opningstider:</u> 09.00 – 21.00

PS 3/18 Ymse

Handsama i Valstyre for Nye Øygarden kommune - 15.10.2018:

Valstyret drøfta kort ulike strategiar for å auke valdeltakinga. Dette tema vert teke opp i ein kommunikasjon- og informasjonsplan som prosjektgruppa for planlegging av val 2019 skal utarbeide forslag til. Planen kjem til behandling i valstyret.